



Formannskapet, i dag leia av varaordføraren, var samrøystes for skjenkeløyve fram til klokka 02. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Formannskapet har i føremiddag samrøystes gjeve Systrenes Nilsen serverings- og skjenkeløyve. Løyvet gjeld fram til 31. juni 2012 og skjenketida er fram til klokka 02 for øl og vin inne i restauranten. Frøydis Nilsen Mathisen er løyvehavar og Gunnhild Nilsen Hillestad reservestyrrar.

Lensmannen ynskta ikkje løyve lengre enn til 01. Han viste til politiet sine egne analyser som fortel over år at utvida skjenking fører til meir vald og truslar i kommunen og at desse tala går ned ved kortare skjenking.

Men politikarane fann altså å leggja vekt på tidlegare vedtak i kommunestyret om utvida skjenketid for To Søstre og Restaurant Capri på Husnes. Dei har tilsvarende driftskonsept.

Alle som hadde ordet uttrykte seg svært positivt om satsinga til Systrene Nilsen.

Gunnar Vage (Sp) syntes det er kjekt at dei to systrene får liv i lokalet att.

- Eg håpar dei får det til og at satsinga varar lenge, sa Vaage.

Også Otto Benjaminson (KrF) hadde ynskje om at tiltaket vart vellukka og Steinar Prestnes (Sp) var glad for at alle var einige. Ole Torbjørn Holmedal (Frp) og Leif Sverre Enes (H) var også positive til søknaden.

Det vekte ein viss oppsikt at også KrF stilte seg positivt og det også fram til klokka 02. Det er truleg fyrste gongen dette partiet har gått inn for så lang serveringstid i kommunen.

Om grunnen til det seier Benjaminson:

- Dette blir ein sak i valkampen og vårt parti kjem der til å leggja større vekt på fagpolitiske enn på reint prinsipielle standpunkt.

Av Ola Matti Mathisen